

Å fullføre eller ikkje fullføre, det er kriteriet

Av Harald Gjøsæter

Heilt sidan starten av regattaserien Seilmakeren Doublehanded har det vore halde orden på kven av mannskapa som har fullført regattaen tre, seks, og ti gonger, og etter kvart vart det delt ut spesielle flagg til alle som har fullført, rødt flagg med eit segl for tre gonger, blått flagg med to segl for tre gonger, og gult flagg med tre segl for 10 gonger. Så lenge Morten Jensen jobba i Seilmagasinet var det han som heldt orden på statistikken, og det var også Seilmagasinet som fekk laga og sponsa flagga. Askøy Seilforening har sidan halde denne tradisjonen ved like, og vi har no måtta utvida med også eit grønt flagg – til dei som har delteke 15 eller fleire gonger!


Etter at det no er gjennomført 18 seglasar, er det på tide å sjå litt meir grundig på deltakarstatistikken, og særleg på kven som kan heisa dei ulike flagga under salinga.

Det 423 personar (her tel både skipper og co-skipper) som har gjennomført regattaen minst ein gong. 201 av desse har fullført ein gong, 72 har fullført to gonger, og 46 har fullført tre gonger, slik det går fram av grafen under. Det er langt færre som har fullført fleire enn tre gonger.



Dei opphavlege deltakarflagga frå Seilmagasinet såg slik ut

Fullførte seglasar i Seilmakeren Doublehanded t.o.m. 2023



Dei som har gjort seg fortent til raudt flagg, dvs har fullført 3 til 5 gonger, er 83 personar, og til blått flagg (frå 6 til 9 gonger) er 48 personar. Tabellen nedanfor syner kven som har gjort seg fortent til gult flagg (frå 10 til 14 gonger) og grønt flagg (15 eller fleire gonger). Det er til no 15 med gult flagg og tre med grønt flagg. Desse er Knut Erik Hjort, som har fullført 15 gonger, Harald Matland, som har fullført 16 gonger, og heilt på topp, Kjell Ove Klungrehaug, som har kome i mål heile 17 gonger! Det er imponerende når ein veit at regattaen til no er gjennomført 18 gonger. Det er ingen nye kandidatar til grønt flagg i 2024, men det er seks kandidatar til gult flagg, 19 kandidatar til blått flagg og heile 72 kandidatar til raudt flagg!

Etternamn	Fornamn	tom23
Klungrehaug	Kjell Ove	17
Matland	Harald	16
Hjort	Knut Erik	15
Holst	Pål	12
Tolo	Torkjell	12
Utåker	Inge Andre	12
Paulsen	Stig Gard	11
Rise	Terje	11
Gjøsæter	Harald	10
Gullbrå	Ove	10
Knudsen	Kjetil	10
Nielsen	Per Højgaard	10
Nilsen	Henrik Julius	10
Nilsen	Roy	10
Robberstad	Thomas	10
Wickmann	Carl Johan	10
Wickmann	Trond	10
Aalen	Magne	10



Slik ser dei nye deltakarflagga ut